

SAK 59/22 SAMORDNING OG STYRKING AV NÆRINGSSAMARBEID I HALLINGDAL

Saksopplysning:

I Regionrådssak 33/18, vart planane for ein felles organisasjon for Hallingdal Næringshage, Torpomoen drift (utvikling) og HallingExpo, presentert for Regionrådet. Det var på det tidpunktet ikkje teke stilling til korleis Hallingdal Etablerersenter kunne knytast tettare til dei andre aktørane.

Den 22. januar 2019 signerte ordførarane eit skriv der dei såg det som avgjerande at det blir ei styrking og eit sterkare samarbeid mellom dei som arbeider med næringsutvikling i Hallingdal og der målsetninga var at Hallingdal etablerersenter skulle bli ein del av Hallingdal næringshage.

No, tre år seinare er intensjonane om ein styrka næringshage sett i verk, mens etablerertenesta forsatt er ein del av det kommunale næringsapparatet, men med eit svært tett samarbeid med Næringsshagen.

No skal Hallingdal Næringshage søke SIVA om vidare opptak i næringshageprogrammet for dei neste 10 åra. Leiar i næringsshagen meiner det vil vera ein styrke for søknaden om me har etablerersenteret som ein del av næringshage og det kan utløyse fleire midlar til Hallingdal via næringsshagen.

Regionrådet skal i denne saka drøfte, og ta stilling til om ein skal sette i gong eit prosess for å få Hallingdal etablerersenter inn som ein del av næringsshagen.

Vurdering

Det er svært tett samarbeid mellom Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal næringshage i dag. Dagleg leiar i Hallingdal næringshage er tydeleg på at ei formell samanslåing ville styrke samarbeidet og tilgangen til tenestene ytterlegare, Dette vil innebere

- Felles nettsider og enklare og meir effektiv marknadsføring i SOME
- Ei dør inn i det regionale rettleiingsapparatet
- Reduksjon av sårbarheit, innbyrdes bytte av kompetanse og tenester .
- Koordinert innsats for å bidra inn i kommunalt næringsutviklingsarbeid
- Betre tenester både for etablerte bedrifter og grunderar.
- Potensielt styrka økonomi til Hallingdal gjennom virkemiddelapparatet

Dagleg leiar i Etablerersenteret ser mange av dei same fordelane som sin kollega i næringsshagen, men peikar og på ein del utfordringar. Finansiering er ein av utfordringane. Etablerertenesta er i dag finansier slik: Om lag 90 % frå kommunane og omlag 10 % frå Viken Fylkeskommune. Dette er ei ordning som har fungert godt over lengre tid. Om etablerersenteret går inn i næringsshagen må ein finne ut om finansieringa frå kommunane kan fortsette om lag som i dag, og ein må vera klar over at kommunane må lyse ut tenesta på anbod. Det at en mistar det kommunale eigarskapet og er ei del av det «kommunale næringsapparatet» har sine fordelar, men for Hallingdal som heile, kan ei samanslåing vera positivt og utløyse fleire midlar.

Til tross for nokre ulemper, trur dagleg leiar at ei samanslåing av Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal næringshage vil styrke begge organisasjonane.

Forslag til vedtak:

Regionrådet vedtek at det skal jobbast vidare med ein prosess som tek sikte på ein ei samanslåing av Hallingdal næringshage og Hallingdal etablerersenter frå 2023

Saka skal drøftast i fagrådet og styret for næringsshagen før saka kjem attende til Regionrådet.

Hallingdal, 22. august 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar